

Til økonomi og organisasjonsavdelinga  
v/budsjettseksjonen

10.11.2015

## **Vedk.: Årsbudsjettet for 2016 og økonomiplan 2016-2019 – fjerning av driftstilskot til Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon Hordaland for 2016.**

Syner til søknad 31.8 om driftsstønad for 2016 på kr. 300.000,- til Hordaland fylkeskommune ved økonomi og organisasjonsdirektør Hilde Kristine Holm Svendsen. FFO Hordaland har motteke driftsstønad fra fylket sidan 2005 fram til og med 2015. Fjerning av tilskudd på kr. 260.000 vil få alvorlege konsekvensar for FFO Hordaland sin økonomi og drift av senteret.

I fylkesrådmannen sitt budsjettframlegg datert 23. oktober 2015 er grunngjevinga for å fjerna under Ymse tilskot s. 120: «*Fylkesutvalet vedtok i sak 228/13 kriterier for handsaming av førespurnadar om økonomisk støtte som ikkje fell innanfor dei etablerte tilskotsordningane i Hordaland fylkeskommune. Eit hovudkriterium for slik stønad er at føremålet kjem hordalandssamfunnet til gode og ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemد. Ut frå ei vurdering opp mot desse kriteria har fylkesrådmannen ikkje ført opp tilskot til desse organisasjonane i 2016».*

FFO Hordaland driv Funksjonshemmedes Informasjonssenter som har 24 organisasjonar på huset og tilsaman 54 medlemsorganisasjonar med omlag 27.000 medlemmar i fylket. Senteret er ein viktig del av organisasjonslivet i Hordaland, når det gjelder opplæring med fagdager for elevar ved vidaregåande skular i Hordaland.

I 2014 hadde senteret 17 skulebesøk/fagdager med inntil 500 elevar frå vidaregåande skular i Hordaland. Dette meiner vi absolutt ligg innanfor fylkeskommunen sitt kjerneområde. I tillegg er det utstrakt medlemsaktivitet med temakveldar, meistringskurs, trim, yoga og fysioterapi for medlemanne i organisasjonane. FFO Hordaland arbeider også med brukaropplæring både på lokalt og regionalt nivå og er ein viktig bidragsytar for funksjonshemma og kronisk sjuke sine rettigheiter i Hordaland.

FFO Hordaland ber difor om at politikarane finn plass til det omsøkte tilskotet under budsjett-handsaminga.

### **Venleg helsing**

Malvin Ågotnes  
Fylkesleiar